



Saman for ein branntrygg kvardag

Fedje Skule

Rektor

c/o Fedje kommune Stormarkvegen 49

5947 Fedje

Referanser:

Dykkar:

Vår: 20/10718 - 23/80290

Saksbehandlar:

Gjert Holtan

gjert.holtan@alver.kommune.no

Dato:

18.10.2023

Brannsynsrapport

Namn på objektet: **Fedje Skule**

Objektreferanse: **Branntilsyn - GBNR 168/163 -4633 Fedje**

Adresse:

NGIB har i etterkant av tilsyn utført Torsdag 7/9-23, laga ein tilsynsrapport. I rapporten finn du eit samandrag frå tilsynet og dei eventuelle avvika som blei funne.

Vi må ha skriftleg tilbakemelding frå deg om korleis og når du skal rette feil og manglar som er funnet hos deg. Dette er i tråd med brann- og eksplosjonsvernlova § 33.

Dersom det er avvik, kommentarar eller merknader i rapporten som du ikkje kjenner igjen med tilstanden i bygget eller verksemda, kan du skrive dette i tilbakemeldinga.

Frist

Svar må sendast, innan 30 dagar etter at rapporten er motteken. Send svar via

- eDialog (elektronisk) <https://svarut.ks.no/edialog/mottaker/978606865>
- Epost post@alver.kommune.no
- Papir: Alver kommune - NGIB, Postboks 4, 5906 Frekhaug

Tilsynsrapporten er å anse som eit førehandsvarsel etter forvaltningslova § 16, og du som part i saka vert med dette gitt rett til å uttale deg før endeleg vedtak/pålegg vert gjort. Ved manglande tilbakemelding innan fristen, kan du få pålegg om utbetring, mulkt, førelegg/tvangsgjennomføring eller forbod om bruk etter Brann- og eksplosjonsvernlova.

Aktuelt regelverk

- Brann- og eksplosjonsvernlova
- Forvaltningslova
- Forskrift om brannførebygging (førebyggandeforskrifta)

Nordhordland og Gulen interkommunale brannførebyggande avdeling (NGIB)

Eit samarbeid mellom Alver, Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen og Solund kommune

Postadresse - Postboks 4, 5906 Frekhaug | Besøksadresse - Stølen 7, 5911 Alversund | Innbyggjarservice: 56 37 50 00

- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og tryggleiksarbeid i verksemder (Internkontrollforskrifta)

Med venleg helsing

Nordhordland og Gulen interkommunale brannvern
Gjert Holtan

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg: Tilsynsrapport

Mottakarar:

Fedje Kommune Teknisk Etat	Stormarkvegen 49	5947	Fedje
Fedje Skule	c/o Fedje kommune Stormarkvegen 49	5947	Fedje

Tilsynsrapport

Tilsynsobjektet:	
Gards- og bruksnummer:	168/163
Adresse:	Stormarkvegen 49
Poststad	5947 Fedje
Eigar:	Fedje Kommune
Med på tilsynet, 07.09.2023	
NGIB	Gjert Holtan, Branninspektør
Eigar	Pål Eirik Holgersen, Eigedom
Brukar:	Stine Stormark Nordby, Rektor
Samandrag	
<p>Fedje Skule er ligg senteralt til ved sentrum av Fedje, bygget er oppført betong / tre og har i 3 høgder samt eit kaldt loft.</p> <p>Fedje skule er ein frådelt skule frå 1-10 klasse med ca 61 elevar og ca 20 tilsette totalt. Skulen er oppgradert med nytt brannvarslingsanlegg i seinare år og har i etterkant av tilsynet dokumentert <i>eksterne</i> service avtalar på dei fleste viktigste stadene. Noke dokumentasjon for interne rutinar for kontroll og vedlikehald manglar fortsatt, men NGIB får lovnad om at dette skal ettersendast og etablerast der det manglar.</p> <p>Skulen har ikkje hatt brannøving og opplæring for tilsette sida 2016, men dette er no avtalt og vert gjennomført ila november 2023.</p> <p>Skulen manglar ROS analyse, dette arbeidet vert starta vinteren 2023 og ferdigstilt innan 2 kvartal 2024. NGIB vil bistå med dette arbeidet om ønskjeleg.</p>	
Aktuelle avvik	
Kontroll og vedlikehald av bygningsdelar og sikkerheitsinnretning	5
Oppgradering av byggverk	6
Andre merknader	7

Formålet med tilsynet

Formålet med tilsynet var å vurdere om eigar/verksemda arbeidar systematisk med branntryggleiken, samt helse-, miljø-, og tryggleik. Brannvesenet legg vekt på ein heilskapleg vurdering av alle forhold som kan påverka sannsynet for at brann bryt ut og konsekvensar av ein brann.

Vi gjer deg merksam på at tilsynet er ein stikkprøvekontroll og avvik og merknadar ikkje er utfyllande. Det er eigar si plikt å syta for at brannobjektet er bygd, utstyr og vedlikehald etter gjeldande lovverk.

Tilsynet omfattar mellom anna undersøking av:

- at brannobjektet er bygd, utstyrt og haldt ved like i samsvar med gjeldande lovar og forskrifter om førebyggjande brann.
- at eigar/verksemda si internkontroll innan branntryggleik er formålstenleg for å nå måla innan brannvern
- at bruken av brannobjektet samsvarar med føresetnadene for bygget.
- at verksemd og eigar har utarbeida ein risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS).

Visar til «Følgje brev til tilsynsrapport» om tilbakemelding og frist for tilbakemelding, samt reaksjonsformer ved manglande tilbakemelding.

Aktuelt regelverk

- Brann- og eksplosjonsvernlova
- Forvaltningslova
- Forskrift om brannførebygging (førebyggjandeforskrifta)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og tryggleiksarbeid i verksemd (Internkontrollforskrifta)

Generelle krav til aktsemd

Alle har plikt til å vise forsiktigheit ved gjennomføring av aktivitet som kan føre til brann. Aktivitet som kan føre til brann kan for eksempel vere bruk av levande lys, matlaging på komfyr, gjere opp eld(ingongsg Grill, bål- og peisinnretingar, skylanterne og handsaming av brannfarleg avfall) og bruk av andre produkt som kan sjølvantenne. Gjeld og skogsdrift, sveising og liknande.

Alle har ein plikt til å vurdere risikoen for brann og å stoppe aktivitetar som medfører risiko, eller ta førehandsreglar for å minimera risikoen.

Avvik

FØLGJANDE AVVIK ER REGISTRERT PÅ BRANNOBJEKTET

Kontroll og vedlikehold av bygningsdelar og sikkerheitsinnretning

Avvik frå: Forskrift om brannførebygging § 6

Ansvar: Eigar

Kommentar:

- Eigar av eit byggverk skal sørge for at bygningsdelar, installasjonar og utstyr som skal oppdaga brann eller avgrensa konsekvensane av ein brann blir kontrollert og haldt ved like slik at dei verker som forutsett.
- Ein kontroll skal avdekke om sikkerheitsinnreiingane fyl krava til branntryggleik som gjeld for bygget og at dei verker kvar for seg og saman med kvarandre.
- Omfang av kontroll og hyppigheit skal vera tilpassa sikkerheitsinnreiingane og byggverkets storleik, kompleksitet, bruk og risiko.

Eigar kan ikkje dokumentera rutinar for intern kontroll av bygningsdelar og sikkerheitsinnstallasjonar.

Det vart ved tilsynet avdekkja følgjande:

1. Fleire sikringsskap ved skulen er i dårleg forfatning og har ulåste dørar eller dørar som ikkje fungerer.
2. Øydelagt vridar på rømingveg frå klasserom, må skiftast straks.
3. Hovud dør ved nybygget småskulen, vert sperra av dørmatte som ikkje passar på staden.
4. Diverse manglande merking av rømingvegar.

Forskrift om brannførebygging § 6

Eigar av byggverk skal sørge for at det vert halde kontroll og ettersyn med bygningsdelar, installasjonar og utstyr i byggverket som skal oppdaga brann eller avgrense konsekvensane av brann. Kontrollen skal avklare om sikkerheitsinnretningane:

- a) Oppfyller krava til brannvern som gjeld for byggverket
- b) Fungerer kvar for seg og saman med kvarandre

(kontrollen skal og avklare om sikkerheitsinnretningane oppfyller krava til branntryggleik som gjeld for byggverket. Kontrollen må og kunne avdekke om dekningsgraden o kapasiteten på tryggingstiltaket er tilfredsstillande etter eventuelle bygningsmessige endringar, endra drift eller endra brannbelastning.)

Kontrollens omfang og hyppigheit skal vera tilpassa sikkerheitsinnreiingane og byggverkets størrelse, kompleksitet, bruk og risiko.

Kontroll omfattar både kvalifisert kontroll og ettersyn(eigenkontroll).

Kontroll skal utførast etter produsent/leverandør beskrivinga og må dokumenterast når gjennomført.

Vedlikehald skal sørgja for at sikkerheitsinnretningane fungerer som forutsett. Periodevis service skal alltid utførast i samsvar med krava.

Ein endring av sikkerheitsinnretningane vil vanlegvis utløyse krav om ny vurdering av branntryggleiken, søknad og godkjenning av bygningsmyndighetene.

(gjeld ikkje vedlikehald der sikkerheitsinnretningane vert sett i stand slik at dei opprinelege eigenskapane og funksjonane gjenopprettast.)

Oppgradering av byggverk

Avvik frå: Forskrift om brannførebygging § 8

Ansvar: Eigjar

Kommentar:

1. Eigjar er ansvarleg for at byggverket vert oppgradert. Det kan gjerast avtale at brukar eller andre skal sørgje for oppgraderinga, men eigjar er ansvarleg. Eigjar har fått etablert ein rømningsveg frå kontor i 3 høgda, med ein utfellbar stige montert ute på vegg ned mot skifertak og vidare ned frå dette taket med ny utfellbar stige. Det er imidlertid ikkje sikra adkomst mellom desse stigane. Eigjar lyt difor anten sørge for sikker røming helt ned til bakkeplan eller dokumentere at valte løysing er innanfor regleverket om oppgradering av rømningsveg., jfr forskrift om brannførebygging §8 5 ledd.

Forskrift om brannførebygging § 8

Eigjar av eit byggverk skal sørgja for å oppgradera sikkerheitsnivået i byggverket slik at den minimum tilsvara nivået som kjem fram av dei samla krava gjeven i byggeforskrifta av 15. nov 1984 nr 1892 eller seinare byggereglar.

Oppgradering kan skje ved byggtekniske tiltak, andre risikoreduserande tiltak eller ein kombinasjon av desse.

Plikt til å oppgradera gjeld så langt den kan gjennomførast innanfor ein praktisk og økonomisk forsvarleg ramme.

(branntekniske avvik som ligg utanfor praktisk og økonomisk ramme kan eksempelvis vera bærande hovudsystem, sekundær bærande bygningsdelar, etasjeskillar ikkje oppfyller utprøvde og anerkjente løysingar (preaksepterte løysingar). Her desse bygga kan det vera naudsynt å ta ein fullstendig kartlegging av status og vurderer dei tekniske og /eller organisatoriske tiltaka som gjer best tryggleik i forhold til investeringane (risikoanalyse).

Etablering av rømningsvegar, installasjon av brannalarmanlegg, automatisk sløkkjeanlegg/brannseksjon, ledesystem eller liknande for å auke tilgjengeleg rømingstid og tiltak for å sikre store verdiar, vurderast ikkje å ligge utanfor ein praktisk og økonomisk forsvarleg ramme. Rømningsikkerheit må prioriterast høgt. Bestemminga er ikkje retta mot eigars/verksemda si økonomiske situasjon.

Mange av utbetringstiltaka vil vera søknadspликтig etter plan- og bygningslova.

Sjølv om det er tilstrekkeleg at det samlande sikkerheitsnivået i byggverket tilsvara BF 1985, må kvart enkelttiltak som utløyser søknadspликт, i seg sjølv tilfredsstillast dagens krav.

Andre merknader

1. Verken **eigar eller brukar** har lagt fram dokumentasjon for ROS analyse. Dette arbeidet er delvis påbegynt men ikkje slutført. Det er særst viktig at dette arbeidet vert gjennomført då det vil gjeve svar på kor dei største risikoen er ved både bygget men og ved drifta av bygget.
2. Det er og viktig at **brukar** innlemmer tilsynsrundar internt for å avdekka feil og manglar som kan påverke brannsikkerheita ved skulen og at dette vert rapportert til eigar straks.
3. Øving og opplæring har vore forsømt dei sinaste åra, det er ymse årsakar til dette men no er det avtalt eit kurs for alle tilsette ved skulen ila november, vidare vil komande ROS analyse sei meir om behovet for øving og framtidig opplæring. Dette er bra.

Både brukar og eigar er nye i sine funksjoner, men dei er og positive til tilsynet og har ein klar oppfatning om at dette arbeidet er viktig og skal prioriterast høgt.

NGIB er viss på at nemde avvik og merknadar vert lukka på ein god måte i tida som kjem.